



Monteringsveiledning for innerdører

1. Monter saman karmdelane på eit flatt underlag. Bruk spikar eller skruar, terskelen bør forborast. Pass på at du monterer karmen rett i forhold til slagretning. Krav til spalte for mekanisk avtrekk er 100cm² for bad/ opphaldsrom og 150cm² for vaskerom.
2. Løft karmen på plass i utsparinga og fest med kilar. Sjekk at terskelen er i vater, juster evt. med kilar. Vi anbefalar å nytte justeringsskruar til å feste karmen. Skru fast hengslesida og juster slik at den er i lodd, anslagssida justerer du med kilar og festar med ein skruve øvst. Kontroller at diagonalmåla er like med to lister.
3. Løys skruane på hengslebrikkene og hekt på dørbildet, start med den nedste hengsla. Skru fast skruane på hengslebrikkene.
4. Skru fast anslagssida og juster karmen etter dørbildet, slik at det er ei jamn klaring mellom karm og dør. Juster låsen i forhold til slagretning, dra ut fallen med ei tong og vri 180 grader.
5. Sag av kilar som stikk ut og isoler rundt karmen. Juster anslagsstykket slik at døra ikkje slamrar.



Dette treng du:

Hammar, spikar/skruar, trekilar, justeringsskruar, vater, sag, isolasjon og to lister på ca 1,5m



Innerdører ó ytterdører ó hyttedører - boddører - badstudører - loftstigar ó kottdører - klassa dører